

NR. 4 -SEPTEMBER 2024

MASFJORDINGEN

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samband med Masfjorden kommune



GUDSTENESTER



22.september

Sandnes kyrkje kl.11:00
Gudsteneste med 50-årskonfirmanter
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi.
Etter gudstenesta vert det middag og program for
50-årskonfirmantane (påmelding til dette)

29.september

Fjon fjellkyrkje kl.16:00
Gudsteneste i samband med konfirmantleir
v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov,
Alf Holmaas Helland m. fleire
Kyrkjekaffi

6.oktober

Solheim kyrkje kl. 19:00
Cubakveld
Ingunn og Aslak Sognnes fortel og viser bilde
frå turen sin med Bjørgvin bispedømme til
vennuskapskyrkjer på Cuba.
Allsang og kyrkjekaffi. Kollekt til Cuba-prosjektet.

27.oktober

Supersøndag
Solheim kyrkje kl. 11:00
Frøyset kyrkje kl. 13:15
Sandnes kyrkje kl. 16:00
Familiegudstenester med utdeling av bøker
til 4 og 10-åringane
v/Torbjørn Sæle, Else Iren Westervik og
Boris Kuprijanov
Dåp i Solheim og Frøyset
Kyrkja sitt barnekor deltek på Sandnes
Kyrkjekaffi. Takkoffer til IKO

3.november

Minnegudstenester
Sandnes kyrkje kl. 11:00
Frøyset kyrkje kl. 14:30
v/sokneprest Torbjørn Sæle og
organist Ann Jorun Hillersøy
Nattverd. Kyrkjekaffi
Takkoffer til Kirkens SOS

10.november

Minnegudsteneste
Solheim kyrkje kl. 11:00
v/ Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap (NMS)

10.november

Songgudsteneste
Granneheimen kl. 18:00
v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov m.fleire
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap (NMS)
Kyrkjekvelds etter gudstenesta

17.november

Familiegudsteneste
Sandnes kyrkje kl. 12:00
Borna som er med på Lys våken deltar
Kyrkjekaffi
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

*Det kan kome endringar. Oppdatert informasjon om
gudstenestene i Masfjorden finn du i kalenderen på
nettsida vår: www.masfjorden.kyrkja.no*

Takkoffer kan gjevest på Vipps nr. 620513.

KYRKJELEGE HENDINGAR

Døpte

Andrea Kristin Matre Kvalheim

Solheim kyrkje 08.06.24

Foreldre:

Anna Midtgård Matre og Sindre Kvalheim

Jørgen Haveland Angeltvedt

09.06.24 Frøyset kyrkje

Foreldre: Anne Hilde Haveland og Espen Angeltvedt

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagd ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å brukha Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Vigde

Helga Nyhavn Matre og Truls Valdersnes Marøy

22..06.24 Solheim kyrkje

Tonje Romarheim Indrevær og Helge Romarheim Indrevær

22.06.24 Frøyset kyrkje

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.

Dødsfall

20.06.24 Malfred J. Matre, f 1930

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så dør. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.

På Masfjorden sjukeheim

kl. 12.00: Andakt på Arbeidsstova

kl. 12.30: Songstund på Nystova



Følgjande torsdagar:

15. august

26. september

29. august

24. oktober

12. september

14. november

m/nattverd

m/ nattverd

Onsdag 6. november: **Konsert m/ Ove Danielsen kl. 16**

Tysdag 17. desember: **Julekonsert kl. 17**

Tysdag 24. desember: **Julegudsteneste kl. 12**

VELKOMEN!



Sokneprest Torbjørn Sæle
Mobil 95 14 16 85



BARNASSIDE



Fargelegg!

Jesus stiller stormen

Finn 5 feil

Jesus lærte folket om Gud. Så drog han og læresveinane over sjøen. Undevegs vart det storm! Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet NEDERST?



FELLESKIRKELIG EVANGELISERINGS- SEMINAR

MENNESKE TRENG Å HØYRE DEN GODE BODSKAPEN OM JESUS!

Korleis kan eg ta del i Jesu oppdrag om å vinne nye menneske?

LØRDAG 26. OKTOBER
KL. 10-14
FREKHAUG BEDEHUS

PÅMELDING TIL:

kontakt@huskirken.no
innen 22. oktober

EI TID FOR Å MINNAST

Det vert minnegudstenester med lystenning i dei tre kyrkjene dei to første søndagane i november.

Helgemesse – eller allehelgen – er ein dag for å minnast dei som er døde. Samstundes er det ein dag med håp. Håpet om ein ny himmel og ei ny jord, utan liding, sjukdom og død.

Vi samlast i fellesskap, vi ber om hjelp i sorga og saknet etter våre kjære. Namna på alle dei som har gått bort det siste året vil bli leste opp i alle kyrkjene, og det blir tent lys. Mange terner også lys på gravene i denne tida.

Årets minnegudstenester er
Sandnes kyrkje 3. november kl. 11.00
Frøyset kyrkje 3. november kl. 14.30
Solheim kyrkje 10. november kl. 11.00



Alle er velkomne til minnegudstenestene, der familiar som har mista nokon det siste året vert spesielt inviterte.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto: Helene Moe Sliving, DnK

UNNSKYLD DÅ...

Rettferd er noko viktig me alle har til felles. Det kostar å sokja rettferd, særleg når eg har gjort noko eg angrar på. Det kostar å seia unnskyld.

Unnskyld er ikkje her fordeling av skuld, men sorg over at eg gjorde noko som ikkje tok vare på begge sine behov. Når me mottek eit «unnskyld» kan det gjera så inderleg godt å vera forsonande. Likevel kan dette ordet vera eit hån. Det bør vera ei oppriktig og helst grunngjeven innrømming bak uttrykket unnskyld. Dersom det ikkje er verken anger eller ei konkretisering av kva eg seier unnskyld for, så er det i beste fall eit tomt uttrykk. I verste fall kan det vera eit overgrep. «No har eg sagt unnskyld, så no må du berre verta ferdig med dette og ikkje ta så på veg over det som har vore, sjå framover no. Eg har no sagt «unnskyld!» Poenget med å seia «unnskyld» er å vera rettferdig, skapa kontakt og forsoning. Korleis gjera dette? Jesus gjev oss rettleiing om rettferd i Bergpreika (Matt 5).

I vers 7-10 er handlingsverdiane i Gud sitt rike omtala. Det er å ha medkjensle, å vera oppriktig, skapa fred og visa rettferd (rett ferd). Dette er krevjande og betyr: - å vera oppriktig interessert i å høyra den du har gjort urett mot fortelja om si oppleveling.

- Visa medkjensle med personen si smerte. - Vera fredfull med at forteljinga ikkje er akkurat slik du hugsar det, kanskje til og med feil.

Å vera rettferdig er å koma med oppriktige innrømminger.

Å skapa fred og rettferd er likevel så mykje meir. Jesus utfordra sosiale



Eit fritt og oppriktig unnskyld kan gje harmoni, slik som to regnbogar over Kvingedalsvatnet.

Foto: Trine Jordal

normer når han viste omsorg med sjuke, fattige og folk som vart sett ned på. Målet er ikkje lukke, sjølvstendighet eller behag. Det salige er å skapa mening, samarbeid og gode samfunn for alle. Kva kan du gjera for andre? Gje eit smil, invitera nokon med, gje av di tid. Gjer ikkje dette fordi du skal koma til Gud sitt rike, men fordi du er elска av Gud og høyrer til i Gud sitt rike.

Helga Ekehaug, prestestudent

MIN SALME



Det er ikkje salmar eg høyrer mest på, det skal eg ikkje skryte på meg. Men musikk framkallar gjerne minner eller kjensler i oss, og slik er det med enkelte salmar også. Gjerne frå barndommen, fnisete tensing samlingar på Haugsvær eller frå KRIK-leir med Gunvor og presten.

Ein salme som stadig dukkar opp er «Som barn i ditt hus» Første gang eg høyrte den var på folkehøgskule, der me song i kor. Det vil sei, eg gjøymde meg bak eit videokamera og skjulte slik ei noko ustabil songstemme. Men gjennom eit utal med øvingar blei songen kjent og kjær.

På folkehøgskule kjem ein tett på sine medelevar, og hausten etter me var ferdige på skulen mista me ei god venninne som me hadde tilbrakt året saman med. Ho var berre 17 år då ho døydde uventa. I gravferda spelte dei ein song ho hadde nynna på mykje den siste sommaren, nemleg «Som barn i ditt hus». Det var ei annleis gravferd, med overtal av ungdommar i kyrkja.

No dei siste åra har songen dukka opp i konfirmasjonar, den store festdagen for ungdommen. På alle måtar ei lukkelegare hending. Heldigvis!

Som helsefagarbeidar har eg lært at musikk er medisin. Spesielt i demensomsorga er det viktig og mykje brukt. Musikken sit i hjarta, og blir aldri gløymt. Heldigvis!

Sigrun Haugsdal Reknes



Som barn i ditt hus

Som barn i ditt hus
har vi hver og en et sted
der vi kan søke ditt ansikt
og du gir oss av din fred.
Så møtes vi her
i din store faderfavn.
Du lar oss juble og glede oss
når vi er samlet i ditt navn.

Refreng

Du har lovet å være til stede
for å dele vår sorg og vår glede.
Gi oss vilje og mot til å leve,
Herre, som barn i ditt hus.

Som barn i ditt hus gir du rom for alt vi er.

Vi har vår styrke og svakhet.
Midt i alt er du oss nær.
Du samler oss nå
til bønn og lovsang rundt ditt bord.
Og vi skal gå med din kjærlighet
ut til alle folk på jord.

Refreng

Vi ber for din kirke.
Vi ber for hverandre.
Vi ber for vår verden.
Velsign oss du, vår Gud!

Refreng

Som barn i ditt hus er skrive av Hans-Olav Mørk og Tore W. Aas og står på nummer 564 i Norsk Salmebok 2013.

VELKOMEN TIL NYE MEDARBEIDARAR I KYRKJA

Som me skreiv om i sist Masfjordingen har Tina Meland Lønnebakken no avslutta sitt vikariat hos oss, og starta i sin nye jobb. Ingrid Helene Raunehaug er òg ferdig med sitt vikariat som konfirmantarbeidar.

Det har lukkast oss å få tak i nye folk både i den stillinga og andre stillingar me har mangla folk til. Det er difor ei glede å ynskja nye medarbeidrarar velkomen til kyrkja i Masfjorden, og to er allereie godt i gang med arbeidet sitt.

Else Iren Westervik tok til 1.august som trusopplærar i eit vikariat fram til sommaren 2025. Mange kjenner Else Iren frå tida ho har jobba i kulturskulen i Masfjorden. No blir ho ein del av kyrkjestaben og skal spesielt jobbe med aktivitetar for born og unge. Fleire har allereie sett ho i sving på Supersøndag-gudstenesta i august, og fått bli kjent med dokkene Lars og Lene. Desse kjem nok fleire born til å møte saman med Else Iren framover. Ho er og dirigent for kyrkja sitt barnekor som starta opp 5. september og øver i Sandnes kyrkje kvar torsdag ettermiddag. Me er glade for å ha fått ei dame med nyttig erfaring på laget og ynskjer Else Iren velkomen til kyrkja i Masfjorden.

Alf Holmaas Helland starta og hos oss 1.august i eit vikariat fram til sommaren 2025. Han skal jobba med konfirmantane saman med sokneprest Torbjørn Sæle. Ein del av konfirmantane kjenner Alf frå før, då han bl.a. har jobba på Nordbygda skule. Alf er ein positiv og blid person som me er glad for er ein del av kyrkjestaben. Han skal òg jobbe med bl.a. Masfjordingen, så de vil nok kunne lese ein del av det han skriv i året som ligg framfor oss. Me ynskjer Alf velkomen til arbeidet i kyrkja.

Anke Helland vil frå 1.oktober starte i jobben som kyrkjetenar og klokkar ved Frøyset kyrkje. Dette er stillingar som me ikkje har hatt faste tilsette i på ei stund, så me er glade for no å ha fått tilsett fast person til desse oppgåvane. Anke har erfaring frå bl.a. klokkarjobben frå før då skulekorpset hadde dette arbeidet. Me gler oss til at ho startar i jobben, og ser fram til samarbeidet med ho i Frøyset. Velkommen òg til Anke.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjeverje

Foto: Torbjørn Sæle og Eli Eidsnes



BARNEKORET I SANDNES-KYRKJA ER I GANG

Torsdag 5. september starta me opp med eit heilt nytt barnekor i Sandnes kyrkje. Me har funne ei knippe med fine barnesongar som me ser fram til å synga saman med mange kjekke born.

Organisten vår har laga fleire tøffe playbacks til nokre av songane i tillegg til at han spelar sjølv, så dette vert skikkeleg tøft.

Det blir øving kvar torsdag framover kl. 17.30-18.45 (ferjevenlege tider).

Øvinga er for born i 2. – 7. klasse i heile kommunen. Dei mellom 4. til 7. klasse kan få læra inn ulike stemmer i koret og til og med nokre dansar somme gongar.

Øvinga inneholder namneopprop, litt oppvarmingsleikar, songøving, fruktstund med litt leik og nokre kveldstankar heilt til slutt. «Gulliver» er også med og gjev oss masse inspirasjon. Har du lyst å bli med er det berre å koma til Sandnes kyrkje på torsdagar.



Me kan røpa at første oppreten vil bli i Sandnes kyrkje på Supersøndag 27. oktober kl. 16.00. Kjem du?

Ta kontakt med dirigent, Else Iren Westervik tlf: 95226595 om du ynskjer meir info.

Tekst: Else Iren Westervik

Illustrasjonsfoto: DNK/Torstein Kiserud

SMÅBARNSTRALL

Torsdag 05.09. blei det starta oppatt med småbarnstrall i Sandnes kyrkje. Det kom fem mødrer med sine 5 små håpefulle.

Me starta med namneopprop, så opningssong og mange bånsull, deretter var tida for å synga medan me bevega oss rundt i rommet. Me avslutta songstunda med kristne barnesongar og nattasong. Medbrakt nistemat vart nytt bak i kyrkjelydsalen og praten gjekk lett. Dette såg ut til å vera ein triveleg møtestad for både liten og stor. Tiltaket kjem til å vera annankvar torsdag framover i partalsveker. Det er berre å henga seg på om du har småbarn i alderen 0-5 år.

Lurar du på noko kan du kontakta trusopplærar Else Iren Westervik på tlf: 95226595

Tekst: Else Iren Westervik

Illustrasjonsfoto: DNK/Bo Mathisen



KONSERT ONSDAG 6. NOVEMBER 2024

**Masfjorden sjukeheim kl. 16.00 og
Sandnes kyrkje kl. 19.00.**

Aktørar: Pianist/songar Ove Danielsen og tekstlesar Torbjørn Sæle.

Songar, pianist og låtskrivar Ove Danielsen har vore gravferdssongar i over 25 år, og har på denne måten opparbeidd seg eit rikhaldig og variert repertoar. Frå han var 12 år har han spelt orgel og piano i kyrkje- ne der faren var organist, og ofte sat han åleine og øvde i kapellet, medan kistene til gravferda dagen etter låg i kjølerommet under han. Var det her det byrja? At døden ikkje var noko skummelt og farleg? Far hans fekk Alzheimer tidleg, medan dei to gutane hans var i tenåra. Erfaringar frå denne sjukdoms- perioden har òg laga spor av ei sår sorg i livet hans. Korleis er det å vera «Sorgsongar»? Å skulle tone- leggja andre si sorg? Å møta familien sine ynskje på ein slik måte at dei kjem seg eitt skritt vidare? Ikkje sjeldan har han opplevd at han har fått vore til hjelp, der i kyrkja. Songane til Erik Bye, Odd Nordstoga, Vamp, Elle Melle, Per Sivle, Bjørn Eidsvåg og Bob Dylan har på ulik vis gjeve ord og tone til ulike sor- ger. Det kan vera sorga over at livet ikkje vart som det skulle, tap av ubrukte sjansar, jenta som aldri vart deira. Sorg er ein del av livsstrengen som går frå vogge til grav. Kanskje den må vera der? Dei seinare åra har han laga eigne songar som set ord på eigne



tap og sorger, men også om HÅPET og om trøysta i trua. Fleire av desse får du høre på konserten «Gjennom livet går ei sorg», som han har hatt fleire gonger før. Sokneprest i Masfjorden, Torbjørn Sæle er med, og les frå Ove sine eigne historier om hans sorgerfaringar.

UTDELING AV BØKER TIL 4- OG 10-ÅRINGANE

Søndag 27.oktober blir det ny Supersøndag. Denne gongen blir det delt ut «Mi kyrkjebok» til 4-åringane og teikneseriebibel til 10-åringane.

På Solheim startar det kl. 11.00, Frøyset 13.15 og Sandnes 16.00. På Sandnes kan me røpa at det nye barnekoret også vert med og syng for første gong.

Kanskje Lene og Lars også kjem. Kjem du?

Invitasjonar kjem i posten til døypte, men alle i dei aktuelle årskulla er velkomne til å få bok.

Tekst: Else Iren Westervik, trusopplærar

CUBA-KVELD I SOLHEIM KYRKJE 6. OKTOBER



Kyrkjeverja i Gulen; Ingunn Sognnes har saman med mannen sin Aslak vore på tur til Cuba. Dei deltok på Bjørgvin bispedømme sin kyrkjelydstur i januar for å besøkje venskapskyrkjer og bli betre kjent med prosjektet me støttar der.

Bjørgvin bispedøme har eit venskapssamarbeid med den lutherske kyrkja Iglesia Evangelica Unida (IEU) på Cuba. Dette er eit samarbeid med Normisjon som har samarbeid med denne kyrkja i over 20 år. Masfjorden sokn har dei siste åra hatt kollekt til desse venskapskyrkjelydane, det vert det også denne kvelden. Pengane har gått og går til mat, hygieneartiklar, medisinsk utstyr, og lønnningar til pastorar og diakonar på Cuba. No får me høve til å høre meir om dette prosjektet og få ferske inntrykk og informasjon frå Cuba, når Ingunn og Aslak tar turen til Solheim kyrkje søndag 6. oktober kl. 19:00. Dei viser bilde og fortel frå turen sin. Ingunn lurar på om tittelen er; Under same himmel, men på ulik klode?

Det vil og bli tid til å syngje saman og kanskje lokkar me Boris til å spele musikk frå Cuba? Den som tar turen til kyrkja denne kvelden får vite om me har lukkast i det. Kvelden blir avslutta med kyrkjekaffi og tid til ein prat



med både gjestane våre og kvarandre. Me håpar mange blir med, så spør gjerne nokon i familien eller ein nabo om dei vil vere med deg i kyrkja denne kvelden.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjeverje.

Foto: Steinar Barmen

SUPERSØNDAG

Ja, kva hadde presten no meint med dette? Var det nedbørsmengdene han hadde tenkt på? Søndag den 25.august såg det ut som Vår Herre hadde tenkt å setje rekord, det ausa ned utan stopp.

Likevel, regnet stoppa ikkje bygdefolket: Denne dagen kunne alle fyrsteklassingane i kommunen få 6-årsboka si, som i år var boka «Tre i eit tre»: Trusopplærar Else Iren Westervik var på plass saman med dei to trufaste tøydokkekompisane sine, Lars og Lene. Det var vingårdssundag og teksten var frå Matteus 20, 1-16: I dag handla det om arbeidarane i vingarden som skulle hjelpe til, men som kom til litt ulike tidspunkt. Likevel fekk dei same løn. Er ikkje det urettferdig? Lars og Lene debatterte saka heftig med god støtte frå dei framme, men vart sett på plass av ein litt bestemt pappa som ville gje femti kroner til begge to, uansett innsats. Avtale var avtale.

Dei nye konfirmantane var også til stades, 17 i talet. Dei fekk utlevert både konfirmasjonsloggbook og bibel. Det var ein spent gjeng som stemte i salmesong og truvedkjenning saman med foreldre og føresette. Kyrkjemusikar Ove Danielsen akkompagnerte på piano og fylte kyrkerommet med vakker solosong, først på Frøyset, så på Solheim og til sist på Sandnes.

På Sandnes var det også eit arrangement i Fargeriet, sjølvsagt til same tid som det skulle vere gudsteneste. Nokre gonger er ikkje slikt til å unngå og ein lurte på kor mange som ville koma. Det viste seg at mange fann vegen til kyrkja, stemninga stod i taket og seksåringane song så det ljoma.

Og ikkje nok med det, det vart tre kyrkjekaffiar denne dagen, der det vart servert rykande fersk gjærbakst frå heile Masfjorden sokn. Heftige saker. Presten hadde rett: Jauvisst vart det Supersøndag, men ikkje på grunn av nedbørsrekorden...



Tekst: Alf Holmaas Helland
Foto: Else med 6-åringane i Sandnes kyrkje og
Torbjørn med Elsa i Solheim Kyrkje: Alf Helland
Konfirmantpresentasjon i Frøyset, Sandnes og Solheim kyrkjer:
Else I. Westervik



Peters fiskebåt

ein fiskebåt står tom
Jesus har sagt kom
følg meg
på ukjent veg
du fisk skal få
men vent og sjå
med menneske
vil under skje
i stormen sterk
eg gjer mitt verk
og sviktar du
med lite tru
følg meg igjen
eg er din beste venn

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



"SOKNERÅDSPRATEN", EIT REVOLVARINTERVJU MED LIV ØYDIS TRÆDAL

August. Sipever og ausevatn. Håslatten skulle ha vore i hus for lengst. Soknerådsmedlem Liv Øydis Trædal heng jakka på knaggen, slengjer seg nedpå ein stol i kjøkkenet og fyller opp ein velfortent kaffikopp. Ho smiler, det skal gjere godt med ein bitteliten pause mellom slaga:

-«**Liv Øydis, for dei som ikkje kjenner deg, kan du fortelje oss litt om deg sjølv?**»

-«Eg er 66 år, har fire vaksne born, bur i Furebotn og er snart vorten skikkeleg pensionist etter mange år i skuleverket. Som du ser, er eg ikkje nett arbeidslaus. Driv med sau og skulle ha fått graset i hus før det det vert raudt i rota, men Furebotn er ikkje nett den turraste staden i verda nei. Elles har dottera mi nett teke over Stordalen Fjellstove og eg har hjelpt henne ein god del i sommar. Utruleg mykje som skal gjerast alle stader. Skulle berre ynskje døgeret hadde fleire timer. Om nokre av dei var signa med sol og me kunne komme oss på bakkane utan tvillinghjul både framme og bak ville det vore topp.»

-«**Kva betyr kyrkja for deg, Liv?**»

-«Kyrkja er viktig. For meg er kyrkja ein fristad, ein stille, god plass eg kan komme inn i og finne den freden eg treng. No er ikkje eg av dei som klarer å få med meg alle gudstenestene rundt om kring, men til jul og påske, då må eg i kyrkja. Kan ikkje førestille meg jul utan kyrkja og julegudsteneste, ærleg talt. Kyrkja er eit viktig bygg som samlar oss bygdefolk på ein heilt spesiell måte.»

-«**Korleis hadde det seg at ei travel dame frå**

Furebotn kom med i soknerådet, då?»

-«Det skjedde heilt friviljug! (Liv smiler lurt.) Det har mykje med dugnadstanken å gjere. No baud det seg eit høve og no var det min tur til å ta i eit tak for bygda og fellesskapet. Dugnad og frivillig arbeid er ein viktig arv me må føre vidare skal me halde maskineriet i Bygde-Noreg i gong. Dessutan er soknerådet ein unik møtestad. Gjennom arbeidet i sjølve rådet kjem eg i kontakt med mange i bygda eg

elles berre ser på butikken eller møter på vegen. Tenkjer litt på den tida det var felles ungdomsskule i Masfjorden. Då vart eg fantastisk godt kjent med elevar frå heile kommunen, Nordbygda, Sørsida og Indrefjorden. Saknar litt den tida, men den gode kjensla av å høyre til har me til fulle i Masfjorden sokneråd!»



-«**Kva rolle bør så kyrkja spele i kommunen vår?**»

-«Godt spørsmål. Eg trur framfor alt ho er ein samlingsstad. Ein stad me kan kome til, alltid, både i glede og sorg. Ein trygg og open stad der generasjonane kan samlast, når som helst. Ein samlingsstad i gode og vonde stunder.»

-«**Så kva bør kyrkja i Masfjorden satse på i tida framover, synest du?**»

-«Oj, det var eit stort spørsmål. No har eg fortalt litt om kyrkja som møtestad, og eg trur eg vil halde fram med det. Me må få fleire til å få ordentleg lyst til å komme i kyrkja. Spørsmålet er korleis me skal gjere det. Kanskje me kan skipe til aktivitetar, konserter, framsyningar som kan fenge eit breitt publikum på tvers av generasjonar og overtyding?»

-«**Slik som Cash-messa som snart kjem i Frøyset kyrkje, kanskje?**»

-«Ja, nettopp! Heilt fantastisk. Eg hoppa høgt i stolen av pur glede då eg høyrd forslaget i soknerådet. Genialt. Tenk deg, countrymusikk i kyrkja! Sa eg til deg at eg kikka inn over gjerdet på eigedomen til Johnny og June då eg var på ferie i USA for ei tid tilbake? I tillegg var me innom den vesle kyrkja der Johnny Cash brukte å gå. Ei fin oppleving. (Liv Øydis smiler breitt. No er ho i siget her.)

-«Har du elles nokre gode minne frå ein gong du var i kyrkja?»

-«Mange. Vanskeleg å trekkje ut noko spesielt, men...Jau! No veit eg det: Ein gong i korpstida mi vart eg beden om å opne ein julekonsert i Solheim kyrkje. Då skulle eg lese ein tekst. Ikkje frå Bibelen, men frå ei bok eg hadde som heitte «Jul i vårt hus». Det var ei enkel barneforteljing og eg kjende meg litt på tynn is, for kyrkja var fullsett, også med medlemmer frå den litt eldre garde som kanskje ikkje heilt var på den kanalen, om du forstår. Men dei sat som stearinlys! Det var dørgande stille i kyrkja under heile opplesinga. Og responsen etterpå var veldig positiv. Nei, det kjem eg aldri til å gløyme.»

-«Til slutt, Liv Øydis, førtiåttetusenkronersspørsmålet: Har du ein favorittsalme? Ein som du likar litt betre enn dei andre?»

-«Den venta eg på. Så klart. Eg har ein soleklar favoritt, men det er ein dåpssalme: «Fylt av glede over livets under», nummer 586 i Norsk Salmebok. Fantastisk flott. Tekst av Svein Ellingsen og melodi av Egil Hovland.»

-«Takk for praten, Liv Øydis! No er det vel rett ut i styrtregnet og redde foret til dei firbeinte, tenkjer eg?»

-«Jepp, det er vel ingen veg utanom. Du veit kva det står i andre verset: «Fylt av beven foran ukjent fremtid...» Er usikker på om me må gå over til båt skal me få slåtten i hus. Nett no treng me eit under. Får setje på eit spor frå ei av platene til Johny Cash, så ordnar det seg nok. Kanskje denne? «Here comes that Rainbow again». Passar bra, for no ser han ut til å lette litt ivêret...»

Tekst: Alf Holmaas Helland

Foto: Privat



Fylt av glede over livets under

Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet,
kommer vi til deg som gav oss livet.

Fylt av beven foran ukjent fremtid
legger vi vårt barn i dine hender.
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet,
det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.

Fylt av undring er vi i din nærhet!
Du som bærer verdensrommets dybder,
venter på de små og tar imot oss,
venter på de små og tar imot oss.

Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje,
er vi født på ny til liv i Kristus,
til et åpent liv i tro og tillit,
til et åpent liv i tro og tillit.

Og ved tidens grense lever fortsatt
dine løftes-ord ved døpefonten,
dåpens lys forblir når livet slukner,
dåpens lys forblir når livet slukner.

Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
Herre, la vår tro bli fylt av glede!
Herre, la vår tro bli fylt av glede!



FIN FEIRING PÅ FJON FJELLYKIRKE

For mange er det å feire olsok på Fjon fjellkyrkje blitt ein fin tradisjon. Og dette er ein tradisjon som vert halden i hevd.

I fjar var om lag 100 personar samla der den 29. juli. Styret for fjellkyrkja meinte at ein burde ta høgd for at det kunne kome like mange i år, og Masfjorden sokneråd, som var teknisk arrangør dette året, valde å ta utgangspunkt i at det kunne kome sopass mange. Dette til tross for at vi vurderte eit estimat på 100 deltagar som i overkant optimistisk.

Vi tok feil, alle. Denne kvelden møtte godt og vel 160 personar opp!

Men kvelden vart gjennomført etter oppsett plan. Programmet starta tradisjonen tru med gudsteneste. Sokneprest Torbjørn Sæle stod for den, godt assistert av Eli Eidsnes som tekstslesar. Else Iren Westervik og Boris Kuprianov var solid tonefylgje under gudstene-sta, og hadde også eigne musikalske innslag.



Etter gudstenesta tok dei fleste turen utomhus, medan arrangørane, godt hjulpne av flinke frivillige, rigga bord og stolar til bordsete.

For arrangørane var bordseta ei spanande stund: Korleis distribuere maten, og ville alle rekkje i han? Kortversjonen av svaret er «ja»! Alle fekk, og det var



mykje godord å høyre for maten. Måltidet endte med ein brakapplaus for kokkane.

Applausen var vel fortent. Det høyrer med til historia at dei to som stod for grautkokkinga, er mor og kone til eitt av soknerådsmedlemene, som sjølv ikkje kunne vere med og koke denne dagen, slik planen opphavleg var. Sjølv sa dei noko som kan vere verdt å leggje seg på minnet: «Dette har vore litt travelt og slitsamt, men først og fremst er det meiningsfullt og veldig kjekt.» Kan hende dette kan vere til motivasjon for ein og annan – kyrkja har alltid bruk for frivillige som kan ta eit tak når det høver.

Etter maten var det eit lite program med kulturelle innslag. Og så var det tid for åresal, samt kaffi med noko attåt. Knut Sørheim hadde ansvar for dette, og administrerte trekning og gevinstutdeling med stø

hand og gode hjelparar.

Kvelden nærma seg slutten. Folk flest fann vegen heimover. Nokre samlast ved bålpanna. Andre gjekk i gang med rydding og vask. Då sistemann reiste frå fjellkyrkja, skein ei og anna stjerne mellom skyene på nattehimmen.

Det er grunn til å tru at dei fleste involverte fekk ei god natts svevn etter å ha vore med på nok ei fin olsokfeiring på Fjon fjellkyrkje.

Og minst like stor grunn er det for å takke alle som bidrog til at dette vart slik ei fin feiring.

Tekst og foto: Rune Garmann,
leiar Masfjorden sokneråd

SKIPA FOREINING



Tysdag 28. mai 2024 vart foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter skipa med utsendingar frå alle kyrkjesokna i Nordhordland til stades i fjellkyrkja. I praksis held drifta fram som før, og nye og gamle brukarar frå både Masfjorden og andre stader vert oppmoda

til å nyta og støtta fjellkyrkja.

Masfjorden sokn er framleis eigar av fjellkyrkja, medan drifta vert leia av foreininga sitt styre med Anne Kristin Rafoss som vald leiar. Fjellkyrkja har ingen

tilsette og vert drifta på dugnad. Styret har i fleire år leia arbeidet fram mot skipinga av foreininga, og eit godt og grundig arbeid leia an av tidlegare sokneprest Knut Fredrik Sørheim, har no resultert i organisasjonsforma foreining, og registrering i Brønnøysundregistra med organisasjonsnummer 912596176.

Fjellkyrkja har sidan vigslinga i 1987 vore nytta til gudstenester, leirar og andre samlingar som stabsturar, sommaravslutningar, styremøte, konfirmasjonsfestar, bursdagar, bryllaup, jubileum og filminnspeling m.m. Den siste tida har også fleire oppdaga Fjon som ein god plass å samla storfamilien eller nokre venefamiliar i lag. For bruk i helgene kan det vera lurt å bestilla i god tid.

Du kan vera med å støtta Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter ved å

- bruka fjellkyrkja
- tipsa andre om å bruka fjellkyrkja
- delta på dugnad, olsokfeiring og andre arrangement
- be for arbeidet, staden og styret
- ha ei innsamling, gje ei gåve, Grasrotandel via Norsk Tipping eller verta fast gjevar

Kontonummeret til Fjon fjellkyrkje er framleis
3635.50.14732.



Oppussing av dusjar

I juni 2024 vert det starta med ei etterlengta oppgradering av dusj- og garderobebeanlegg i kjellaren med mål om å få på plass nye, separate dusjrom. Første del er fullført og tre separate dusjrom er på plass. Dette er kostbart arbeid i fleire byggjetrinn og fjellkyrkja er svært takksam for alle gåver frå kyrkjelyder, enkelpersonar, lag og næringsliv.

Dugnad

Det er stadig behov for dugnad, vask, maling og vedlikehald, både ute inne. Nokre dagar/helger samlast fleire for større dugnadsarbeid. Ta kontakt med Arve Husa, mobil 48 09 57 30 om du kan ha høve til å ta i eit tak.

Informasjon og vedtekter

Meir om fjellkyrkja, bookingkalender m.m. finn de på nettsida www.fjonfjellkyrkje.no

Følg gjerne også «Fjon fjellkyrkje» på Facebook.

Tekst og foto:

Torbjørn Sæle, styremedlem Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter

SER DU MEG

**Ser du meg?
Prøver du å forstå meg?
Vil du meg vel?**

Å bli sett på som enkeltindivid og ha moglegheita til å vere med å skape trivsel i kvardagen. Bruker si velvære og ta del i gleda av å oppleve meistring. Det er meiningsfullt. Det er livsglede.



Å ha gode minne av opplevelingar vi har hatt saman. Å kunne prate om, minnast og sjå tilbake på ting vi har gjort gjer ein genuin god følelse! Dette er noko vi alle kan trenge meir av her i livet.
Her er nokre bilete frå dei minnerike stundene vi har hatt den siste tida.

Anita Larsen, Masfjorden bu- og aktivitetssenter



KJERSTI TOPPE PÅ MBA

I går hadde me kjekt besøk av barne-og familiemi-nister Kjersti Toppe, varaordførar Geir Egil Haugsvær, Vigdis Søvik og Rigmor Søvik alle frå Senterpartiet.

Her vart det omvisning på bygget, alle sanserom m.m i tillegg på besøk hjå ein tjenestemottaker.
Takk for ei fin stund i lag!

Tekst: Linda Vågseth



KULTURSOMMAR

I sommar har det vore fleire kulturarrangement knytt opp til Sommarscena. Her kjem litt av det som me har fått opplevd.

Utstillingsopning

Sommarutstillinga i Fargeriet, «Forteljingar frå eit landskap» vart opna på høgtideleg vis på sjølvaste St.Hansdagen. I år var det Kjersti Isdal og Vigdis Valde som sto for utstillinga. Utstillinga sette fokus på det å spela på lag med naturen.

Jørn Skauge fekk æra av å opna utstillinga med ein aldeles praktfull konsert. Han presenterte Grieg-programmet han har spelt på Troldhaugen i juni, og for ei oppleveling dette vart for oss publikummarar! Me fekk høyra mange av Grieg sine kjende komposisjonar som Preludium frå Holberg-suiten og Troldtog, men også meir ukjende komposisjonar. Då han avslutta med Bryllupsdag på Troldhaugen reiste publikum seg spontant og gav ståande applaus, og Jørn kvitterte med ekstranummer. Dette var fint!

Så var det tid for å presentera utstillinga. Kjersti og Vigdis fortalte om ideen bak utstillinga, og korleis dei har jobba dette fram. Kjersti las frå boka ho har skrive om «Segner i Nordhordland». Ho las om kyrkjeklokkena her på Sandnes, om at lindåsingane som berre hadde bjøller i si kyrkje ville ha den staselege klokka til si kyrkje. Men då dei skulle frakta ho ut kyrkjeposten greidde ikkje hesten å koma av flekken. Enden på visa var at klokka vart verande i Sandnes kyrkje. Og der står ho den dag i dag!

Dei flotte illustrasjonane og tekstar frå boka pryda dei gamle treveggane i Fargeriet.

Vigdis sine strikkeprodukt hang vakkert ned frå taket, og eit stort hekla kunstverk var sentrum i utstillinga. Det ho strikkar lagar ho heilt frå grunnen av; ull frå sauens, karding, spinning av tråd, farging med plantefargar av plantar frå hagen, og så utforming av strikkeplagg.





Augustprogram

I august var det lagt opp til fleire arrangement i samband med utstillinga. Første kar ut var Jon Martin Skauge. Vanlegvis er han å sjå som gitarist med ymse artistar eller som lærar i kulturskulen. Denne dagen sto han på scena heilt åleine. Han framførte eit knippe sjølvlagda songar til eigne akkompagnement på gitar, og ein instrumentallåt. Konserten hadde fått tittelen «Dag for dag» og mange av songane han framførte var songar til ettertanke. Sjølve songen «Dag for dag» er mest kjend som salmen «Blott en dag», og Jon Martin har laga ny tekst til denne vakre melodien. Gjest på konserten var Embla Brown Dyrkollbotn. Ho er elev i kulturskulen og framførte to låtar, den eine songen hadde ho laga sjølv og hadde tittel This peacefully Disturbed. Ho avslutta med ein song av Billie Eilish.

Neste kar ut var Ove I.B. Danielsen. Han framførte songar akkompagnert av seg sjølv på piano. Han sto for ein heilstøypt konsert der tekstu, melodi og introduksjonar av songane passa så fint saman. Ove har ei nydeleg stemme og denne kom så godt til sin rett i dei songane han framførte. Og pianoakkompagnamenta var så smakfulle! Publikum likte det dei fekk servert, og var heilt bergtekne av det dei fekk høyra. Ein vakker og fin konsert!

Tradisjonen tru inviterte Amalie Duesund og Rune Alver til konsert i Solheim kyrkje. Dette er fjerde året på rad dei besøker den vakre kyrkja med klassiske perler midt i august. I år hadde dei lagt fokus på lokale diktarar. Mellom musikkstykka las dei tekstar av Olav Nygard, Aslaug Låstad Lygre og Alf Strand. Det er tydeleg at desse to musikarane ha spelt mykje saman, for samspelet var førsteklasses.

Då konserten var ferdig klappa publikum vel og lenge, og musikarane kvitterte med eit festleg og virtuost ekstranummer. Alf Strand vart invitert fram til ein kort prat. Det var tydeleg at Alf sette pris på at dikta hans vart lesne opp i konserten.

På siste ordinære opningsdag av sommarutstillinga på fargeriet hadde Kjersti Isdal ein presentasjon av arbeidet med boka «Segner frå Nordhordland».

Det var interessant å høyra ho fortelja, og publikum humra og lo godt då ho las nokre av segnene. Det er tydeleg at tru og overtru har vore styrande for folk i tidlegare tider. Arne Høyland avslutta programmet med å synga nokre viser, og den eine visa føya seg fint saman med det Kjersti nettopp hadde fortald.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Frank Kvinge, Mary Hope

September

Gjennom to skuledagar i september besøkte mellomtrinnselevane i kommunen sommarutstillinga. Utstiller Vigdis Valde hadde laga til eit program der elevane skulle arbeida med ull. Ho viste ulike måtar å spinna på. Elevane fekk spikka seg spinnekrok, og jammen vart det fart på tråd-produksjonen etter kvart som elevane fekk teken på korleis dette skulle gjerast.

Dei fleste nytta høvet til å få ei omvising i Fargeriet før dei reiste tilbake til skulen. Etter å ha grubla litt rundt kvarfor skorsteinen i fargeriet er så høg var det ein som sa: Eg trur det er for å gjera jobben litt vanskelegare for julenissen. Kanskje det?

Det var berre smil å sjå i elevgruppene desse dagane. Det var som ein av elevane sa: Dette var kjekt! Eg kunne ha spikka og spunne heile dagen om eg fekk lov!

Om kvelden var det utstillingsfinale med strikketreff.

30 strikkeinteresserte damer og ein mann møtte opp og fekk med seg eit verkeleg interessant foredrag der ei særskilt engasjert og kunnaksrik Vigdis snakka om ull og ressursutnytting. Ho demonstrerte ulike spinneteknikkar, og fekk god dialog med dei frammøtte. Sjeldan har det vel vore samla ein slik strikke-ekspererte i eitt rom her i Masfjorden!

Mot slutten av kvelden vart, under tvil, eitt av dei vakre utstillingsplagga ofra til farging, og skifta farge frå grå til lilla. Sjølv om det var ein viss skepsis blant publikum for å gjera dette, var alle samde om at også den nye fargen kledde den fine ullstrikkja skjorta.

Den låge septembersola skein inn gjennom vindauge i tørkeloftet, og skapte magiske fargar i rommet. Kvelden vart eit flott punktum for utstillinga i Kvamsdals fargeri denne sommaren.

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Mary Hope, Frank Kvinge



ROSA SLØYFE

Rosa fest på dagsturhytta

Fjordblikk

Årets lokale

Rosa sløyfe-arrangement hamna på siste lørdagen denne sommaren, og etter ein særskilt regnfull august var det nydeleg å få nyta dagen på dagsturhytta i solskin og med blikkstille sjø.

Det har blitt ein tradisjon å runde av sommaren med lokal Rosa sløyfe-arrangert med frivillig innsats av eldsjeler i samarbeid med helselag og grendalag i nærliken.



Kampanjen er i utgangs-

punktet lagt til oktober månad, som har blitt til ein månad med ekstra fokus på brystkreft. I Masfjorden har det vorte gjort ein ekstra vri, for å nyte godt av det litt milde været i august.

Tidlegare har arrangementet blitt halde på Sleire, i Markhusdalen og på Haugsvær, i Eventyrskogen. I år var det sørsida sin tur til å vere med, og det var mange som tok turen til dagsturhytta denne seinsommardagen. Kvinge grendalag var med-arrangørar denne gangen, og stilte med quiz, pølsegrilling og god stemning. I forkant hadde dei loddboeker ute, med svært gode salsresultat.

Den rosa boksen var sjølvsagt med, og vinnaren denne gongen vart Magrete Skuggedal Andvik, tid 17.42.

I forkant av arrangementet vart det arrangert ein workshop der det vart perla armband, som vart selde denne lørdagen. Når Masfjordingen går i trykken er det enno ikkje klart kva årets innsamla sum vart, men pengebeløpet vert sendt til Kreftforeningen i starten av oktober.

Tusen takk til alle som kom og var med å støtta saka!

Sigrun Haugsdal Reknes og Hege Søvik



” Til slutt vil eg få understreke at det å arrangere ein sånn marsj i Masfjorden er utruleg viktig av fleire grunnar. Me betaler ei påmeldingsavgift, der pengane går uavkorta til Rosa sløyfe-aksjonen. Då bidreg me til å støtte forsking og utvikling i kampen mot kreft. Men ikkje minst like viktig er det at me går her i lag, snakkar saman om brystkreft, og aukar fokuset på å sjekke oss sjølve og ta tidlege teikn på alvor. Det at de som er her i dag blir minna på å sjekke dykk, det er noko av det viktigaste som kjem ut av ein dag som i dag. ”

Lene Kvamsdal,
stand-in for ordføraren

STRIKK MED OSS

Bok- og strikkecafér hausten -24

På bilbioteket på Nordbygda skule:

Tysdag	15. oktober	kl. 17
Tysdag	12.novembr	kl. 17
Tysdag	3.desember	kl. 17

Ta med eige strikketøy eller ver med på eitt av prosjekta våre:
Strikk til Bymisjonen eller til premature.

Alle er velkomne!

Helsing
Nordbygda helselag
v/Liv Dyregrov, Kjellaug B. Strand og
biblioteksjef Annett Schattauer



MBA-GJENGEN PÅ TEATER

I starten av september reiste MBA-gjengen til Fyllingsdalen teater for å sjå deira oppsetjing av Pippi. Dei fleste av oss kjenner nok til historiene om Pippi som bur åleine i Villa Villekulla, og alt det rare ho kjem borti. Eg synest dette var ei ordentleg fin forestilling. Pippi var i storform, og var både høgt og lågt. Apen Herr Nilsson imponerte også. Så var det politifolka då. Kling og Klang var to skikkelege klovnar og greidde aldri å få fatt i Pippi, same kor mykje dei prøvde.

Det er utruleg kva dette vesle teateret får til. Dei fleste skodespelarane var barn og dei gjorde ein kjempefrott jobb gjennom heile framsyninga, med song, dans og skodespel.

Har du sjansen; ta turen til Fyllingsdalen teater og få med deg denne utruleg elleville forestillinga. Siste framsyning er 13.oktober.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Illustrasjon



LÆRERIK SKULEDAY PÅ SKULEMUSÉET



Tante Sofie fortel historia om Folk og røvere i Kardemommeby

Også i år har skuleelevar besøkt skulemuseet og fått innsyn i korleis det var å gå på skule i etterkrigstida. I september fekk alle 5. klassingane i kommunen vår oppleva ein gamaldags skuledag.

Temaet var "Ein skuledag på 50-talet". Elevane fekk informasjon om korleis skulen i Masfjorden var på den tida med 19 skulekrinsar, aktiv skuletime, leikar på skuleplassen, barnelitteratur frå 50-talet og omvising og skattejakt i skulestova og husværet på loftet.

Ansvarleg for opplegget har vore Kjellaug Bolset Strand, (tidlegare lærar, rektor og biblioteksjef), Lovisa Midtbø, (tidlegare lærar og rådmann, ho hadde oppvekst og skulegang i skulehuset på Andvik) og Signe Marit Krossøy frå Masfjorden folkebibliotek.

Dei har gjort eit storarbeid med å laga til eit lærerikt og spanande skulemuseumssopplegg for elevane. Det er kjekt å kunne invitera skuleklassar til skulemuseet der dei får oppleva smakebitar på korleis det var å gå på skule før i tida, og møta «lærarar» som har eit slikt eigarforhold til det dei formidlar. Presentasjonen dei har laga fungerer svært bra for dei unge elevane, og dei har klart å setja saman eit informativt opplegg med god variasjon.

Og elevane? Det var lett å sjå at dette besøket var noko dei likte. Dei var lydhøyre, svært delaktige og nysgjerrige på alt det gamle, og stilte mange gode spørsmål. Det vanka ein god porsjon velfortent skryt frå dei vaksne då skuledagane på Sleire skulle summerast opp, og klasselærarane takka dei ansvarlege for ein annleis og lærerik skuledag.

Frå kommunen si side er det eit sterkt ønskje om å vidareføra tilbodet om skuledag på skulemuséet for elevane våre også i komande år.

Tekst og foto: Frank Kvinge, fagleiar kultur



Leik på skuleplassen

BJØRN WEST-MARSJEN

Bjørn West-marsjen er ei flott turoppliving, flott og dramatisk natur, eit sosial samkome, ein test av eigne krefter, ei flott kulturoppleving, åndeleg påfyll, god mat og mykje meir.

Men bakgrunnen for Bjørn West-marsjen er alvorleg nok. For mindre enn 80 år sidan, var Noreg framleis eit ufridd og okkupert land. Styrt av nazistane sin menneskefiendtlege ideologi. Ein maktsjuk diktator terroriserte Noreg, Europa og det meste av verda. Dette var det dei 259 mennene som utgjorde Bjørn West-styrken ville gjera slutt på. Yta sin del – i ein utkant i Europa – og ein utkant i Noreg.

Likevel vart krigshandlingane her i Matrefjella dei siste i 2. verdskrigen – så langt frå bunker i Berlin. Ungdomane i Bjørn West visste godt kva kampen gjeldt.

Henning Wernøe som vart skoten 28. april 1945 i Stordalslia uttrykte de slik før han slutta seg til Bjørn West:

«Eg kan ikkje hate den enkelte. Dei er menneske som du og eg. Det er ikkje for å drepa eg no dreg avstad, MEN for å vera med på å befri mitt fedreland for eit system mine barn aldri skal veksa opp under».



Narve Tindeland vart skoten i Kringlebotn 29. april. Han uttrykte det slik i eit brev foreldra skulle få – om han ikkje overlevde kampane i Matrefjella: (sitert av sjef Heimevernet i minnetalen)

«Når eg no har høve til å gje landet mitt noko, noko meir enn ord, ville eg aldri koma over det, viss eg sveik og ikkje gjorde mi plikt. Eg har hug til å leva vidare, eg er glad i livet, men ein har og plikter mot livet».

Dette var innstillinga til ungdomane i Bjørn West. Seks av dei, samt Torgeir Stordal, måtte yta det det største offeret for vår fridom – sitt eige liv.

Det er til minne om desse mennene, dei andre Bjørn West-soldatane og sivilsamfunnet kring basen sin vilje til risiko – Bjørn West-marsjen vart oppretta. Difor vert alltid arrangementet avslutta i fellesskap kring minnestøtta over dei drepne. Det vert lagt ned krans – og det vert halde minneord.

Under minneseremonien står innsatsstyrken Bjørn West – HV-09 oppstilt. Det minner oss på at me og i dag treng ei forsikring som kan tryggja freden og fridomen me vann attende i 1945.

«FOR NORGES SAK I KNE DEI SEIG, MEN FRIE KÅR OR GRAV STEIG.»

Desse frie kåra er det me som tek del i arrangementa kring Bjørn West-marsjen kan feira. Me feirar med naturopplevelingar, song og musikk, gudsteneste, god mat, godt selskap og fred og fridom.

Takk til alle som har gjort sitt til eit vellukka arrangement, alle frivillige i og kring rådet for Bjørn West-marsjen, Stordalen fjellstove, Nordhordland Røde kors, Folkemusikktrioen Sørheim/ Mjøs og Wolski for ein fantastisk konsert, sokneprest i Masfjorden Torbjørn Sæle og organist Boris Kuprijanov for fin friluftsgudsteneste.

Og takk til sjef Heimevernet – Frode Ommundsen – for ein god og reflektert minnetale der han m.a. siterte brevet frå Narve Tindeland. (Talen finn du på neste side.)

Været vart betre enn metereologane varsla – og om lag 280 sprekingar gjekk marsjen – fordelt på om lag 110 på den lange og 170 på den korte.

I år gjekk Forsvarssjef Eirik Kristoffersen, Sjef Heimevernet Frode Ommundsen, Distriktsjef HV-09 Asbjørn Lysgård, Politimester i Vest Politidistrikt Kåre Songstad og visepolitimester Ane Kvaal



*God samtale mellom
98 år gamle BW-veteran Richard Flo og
distriktsjef i HV-09 Richard Lystård*

Bjørn West-marsjen. Dei vart guida gjennom historia og fjellheimen av Arnold Matre og Geir Hitland på vegne av Bjørn West-museet.

Også i år fekk me glede av deltaking av ein Bjørn West-veteran på minnestunda. 98 år gamle Richard Flo var for første gong attende til Stordalen etter den dramatiske våren i 1945. Respekt.

Takk til alle som tok del i arrangementet.
Velkommen attende 24. august 2025

Tekst: Arnold Matre, avdelingsleiar Bjørn West-museet



TALE AV SJEF FOR HEIMEVERNET

Kjære alle sammen!


Aller først vil jeg si takk for invitasjonen og muligheten til å få delta sammen med dere. Det er ekstra stort at vi har med oss en av de opprinnelige Bjørn West-medlemmene her i dag, Richard Flo.

I løpet av en og en halv mil får du tid til å reflektere. Det barske terrenget opp hit til Stordalen fjellstue gjorde i hvert fall meg ydmyk når jeg tenker på de prøvelsene de unge nordmennene i Bjørn West gjennomgikk her for 79 år siden. Den forsvarsviljen og kampmoralen de viste under vanskelige forhold var ekstraordinær.

Nå som tidsvitnene blir færre, er det vårt ansvar og sørge for at historien fortelles til nye generasjoner slik at den ikke går tapt. Derfor vil jeg takke Bjørn West- museet og alle dere andre for den fantastiske jobben dere gjør med å holde historien levende,



Forsvarssjef Eirik Kristoffersen får overrekt den nye boka om Bjørn West, der han sjølv har skrive føreordet



slik at vi og fremtidige generasjoner kan huske, hedre og ikke minst lære av den.

Vår krigshistorie inneholder mange fortellinger om vanlige nordmenns enestående heltemot. Under den tyske okkupasjonen jobbet mange norske kvinner og menn i det skjulte med stor personlig risiko. Denne innsatsen spilte en avgjørende rolle i den norske motstandskampen.

Bjørn West var en bemerkelsesverdig motstandsgruppe. Den bestod av rundt 250 menn som levde kummerlig og under et forferdelig slit. Oppgaven var å forberede en eventuell alliert invasjon ved å legge seg bak tyskernes linjer. Det er fortalt om matmangel, kulde, regn og snøstormer og et kameratskap utenom det vanlige. Mange av disse var ferske rekrutter uten militær erfaring. En av dem var 19 år gamle Odd Narve Tindeland fra Haugesund. Slik startet han brevet han sendte hjem til familien på vårparten i 1945.

«Kjære mor og far, Halldis og Marit! Om nokre timar tek eg ut på ei farefull reise. Om eg nokon tid kjem att, veit eg ikkje. Difor skriv eg dette brevet.»

I brevet kommer det frem at han er mest redd for å ikke gjøre sin plikt, og at kjærigheten til fedrelandet er så stort at han ikke lenger kan sitte stille å se på.

Odd Narve var én av sju nordmenn som falt i dagene fra 28. april. I tillegg til Tindeland mistet Bjørn West: Jacob Aasheim, Johan Gatland, Arne Lampe, Arnold Mathisen, Torgeir Stordal og Henning Wernøe - i en av de siste store trefningene i Europa under andre verdenskrig.

Innsatsen denne motstandsgruppen la ned blir ikke glemt. I Heimevernet har vi hedret disse soldatene ved å bruke navnet Bjørn West på en av våre innsatsstyrker. Et navn som forplikter.

Som hos våre egne krigshelter kan vi kjenne igjen den samme ånden i den ukrainske motstanden. En patriotisme og et dypt ønske om å beskytte landet, hjemmet og de som står oss nær. Selv om konteksten da og nå er forskjellige, er prinsippene de samme. Frihet, rettferdighet og motet til å kjempe mot



undertrykkelse er verdier som binder oss sammen som mennesker.

Vi har et moralsk ansvar for å hjelpe når det nok engang er krig i Europa og Forsvarets ansvar stopper ikke ved landegrensene. Jeg er stolt over å kunne si at ved utgangen av dette året har Heimevernet utdannet over 7000 ukrainske soldater. Det gjør de bedre rustet til å forsvare landet sitt.

Forsvarsvilje og vilje til motstand skapes altså ikke i et enkelt øyeblikk, men er et resultat av kunnskap om verden, samfunnspåvirkning, personlig erfaring og nasjonale hendelser.

Vi skal aldri glemme de vanlige nordmenn som utviste ekstraordinært heltemot under krigen. Deres vilje til å stå opp mot undertrykkelse, til tross for enorme personlige farer, er en arv vi skal hedre og minnes. Deres handlinger bidro ikke bare til Norges frigjøring, men også til å forme vår nasjonale identitet og verdier. I vår tid kan vi bidra ved å støtte de som er rammet av krig, og ved å spre bevissthet om viktigheten av fred og frihet. Ved å gjøre dette, hedrer vi ikke bare våre egne helter, men også de som i dag kjemper for de samme verdiene i Ukraina og andre steder i verden.

Takk for oppmerksomheten!

Generalmajor Frode Ommundsen,
sjef Heimevernet

LITT MEIR OM MASFJORBUNADEN TIL MENN

I førre utgåve av Masfjordingen var det ein tekst om Masfjord herrebunad. Like etter at bladet var ferdigtrykt fekk redaksjonen tilsendt dette:

Ikkje alle karar hadde råd til bunader. Då, som no, var det dyre stasplagg. Dei fire masfjorbunadane vart, den gong dei var nye, lånte ut til karar som ville vera bunadskledd på festdagar, brudlaup og samkommer som krevde finklede. Av dei fire litt ulike storleikane var det alltid ein bunad som passa.

Tekst: Sveinung Hope

Bilete:

Opp t.h: Johannes Vågset (Ein av dei 4 som bestilte dei første bunadane frå Lasse og Trine Brendsdal).

Saman med søstra Olina Solheim, (f. Vågset)

Nede t.v: Asbjørn og Kristi Vågset (f. Lie)

Midten nede: Andre H. Vågset

Nede til høgre: Anders Vågset.

Kjelde tekst og biletet: Marita Vågset



RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Kommunelova seier at alle kommunar skal ha eit råd som fremjer interessene og rettane til personar med funksjonsnedsettingar. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for kommunen og har følgjande hovudoppgåver:

1. Påverke politiske avgjelder

Rådet gir innspel til kommunen i saker som påverkar kvar dagen til menneske med nedsett funksjonsevne, som tilrettelegging av offentlege bygg, transport, skule, arbeidsliv og helse- og omsorgstenester. Kommunen er forplikta til å ta kontakt med rådet i saker som har betydning for menneske med ulike funksjonshemmingar.

2. Sikre medverknad

Gjennom rådet får personar med nedsett funksjons- evne, eller deira representantar, moglegheit til å delta i beslutningsprosessar og kome med forslag til korleis kommunen kan bli meir inkluderande. Dette er eit viktig tiltak for å fremje medverknad og demokratisk deltaking.

3. Fremje universell utforming

Rådet arbeider for å sikre at universell utforming blir ivaretaken i kommunale planar, bygningar, transport og offentlege rom. Dette skal sikre at alle innbyggjarar, uavhengig av funksjonsevne, får lik tilgang til dei same tenestene og fasilitetane.

4. Overvake og rapportere

Rådet har også ei rolle i å overvake at kommunen følger lover og reglar som skal sikre rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Dette kan inkludere rapportering til kommunen om manglar eller forslag til forbetringer.

5. Samordne med andre råd og utval

Rådet kan også samarbeide med andre kommunale råd, som Ungdomsrådet eller Eldrerådet, for å sikre at problemstillingar som går på tvers av grupper får



endå tydelegare stemme inn til kommunen.

Rådet har ikkje mynde til å koma med pålegg eller gjere vedtak som bind kommunen, men har ein rådgjevande funksjon som skal medverke til at menneske med funksjonsnedsettingar får påverke utviklinga av kommunen, og at kommunen tek omsyn til funksjons- hemma sine behov i alt frå infrastruktur til tenestetil- bod.

Medlemmene i rådet kan kontaktast av innbyggjarar som ynskjer å setje saker som handlar om funksjons- hemma sine rettar og behov på dagsorden.

I kommunestyreperioden 2023 – 2027 er rådet slik samansett:

Gro Anita Sætervik – leiar,

Jo Ronald Mjanger – nestleiar,

Geir Egil Haugsvær – medlem

Britt Inger Myhr – medlem

Hilde Gry Haaheim – medlem

Varamedlemmer: Tina Korsøen Fjellby, Rigmor Søvik og Merete Myhr Hope

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset er sekretær for rådet

Saker rådet har arbeidd med i 2023 og 2024:

- Reglement for rådet
- Handicap- parkering utanfor offentlege bygg
- Tilgang til offentlege bygg, til dømes kommunehuset. Der manglar inngangsdøra automatisk dørropnar. Fleire av toaletta er for små for rullestol å koma seg inn på og handcapskiltinga utanfor bygget vert utbetra.
- Rømningsvegar i leiligheter i Masfjorden bu- og aktivitetssenter

Tekst: Jo Ronald Mjanger og Oddvin Neset

PLANPROGRAM UTE PÅ HØYRING

Masfjorden formannskap har vedteke oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, og å leggja ut framlegg til planprogram til offentleg ettersyn. Frist for uttale er 10. oktober.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet dannar rammene for den lokale idrettspolitikken, både for organisert og eigenorganiserte aktivitetar innanfor idrett og friluftsliv.



Planen vil danna grunnlaget for prioriteringar både av arealbruk, søknads- og spelemiddelordningar og anleggsutvikling i kommunen. Planprogrammet skildrar vegen fram mot endeleg kommunedelplan.

Planarbeid

Arbeidet med sjølve kommunedelplanen vert starta opp samstundes som framlegg til planprogram vert lagt ut på offentleg ettersyn.

De vert med dette oppmoda om å koma med innspel og ønskje til nye tiltak og behov planen skal dekka. Sei di meining innan 10.oktober! Me ber om skriftlege innspel.

Framlegg til planprogram

I planprogrammet vert rammene for planarbeidet fastsett. Eit planprogram er eit eige arbeidsdokument, som ikkje må forvekslast med sjølve kommunedelplanen. I planprogrammet er det gjort nærrare greie for bakgrunn, formål, korleis ein tenkjer å leggja til rette for medverknad i planprosessen, korleis planarbeidet skal organiserast og kva framdriftsplan ein legg opp til.

Planprogrammet finn du på kommunen si heimeside under Aktuelt.

Me ønskjer innspel både til planarbeidet og planprogrammet.

Send skriftleg innspel på e-post eller via post til

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Merk med «Innspel til planprogram og kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet».

Kven kan uttala seg?

Alle interesserte kan uttala seg- både privatpersonar, frivillige lag og organisasjonar, interesseorganisasjonar, næringsliv og formelle høringsinstansar.

Me ønskjer synspunkt på kva som er viktig å ta med i planarbeidet og om framlegg til planprogram fangar

det som er viktig å prioritera i denne planprosessen.

Vidare handsaming

Når høringsfristen er ute vil innkomne uttalar bli samanfatta og vurdert før planprogrammet for kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert lagt fram for endeleg handsaming. Det er lagt opp til vedtak av planprogrammet 21.oktober.

Arbeidet med sjølve planen vil halda fram til neste år. Det er lagt opp til vedtak av den nye kommunedelplanen i juni 2025.

Tekst og foto: Masfjorden kommune

NYTT KLUBBHUS PÅ MATRE



Bjørn West Idrettslag er i ferd med å byggja nytt klubbhus. Klubbhuset er tenkt å dekke behovet til alle hovudbrukarane av idrettsanlegget.

Bygget vil bestå av garasje for køyretøy og tyngre utstyr, utstyrslager, møterom og kjøkkenavdeling.

Brukbarar vert Bjørn West IL og Masfjord fotballag. I

tillegg vil Matre skule nytta utstyr lagra i bygget i samband med kroppsøvingsundervisning i skulen sin regi.

Bygget er venta å stå ferdig vinteren 2025.

Tekst: Bjørn West IL /Masfjorden kommune
Foto: Ståle Daae



IDRETSBANA FÅR ANSIKTSLOFTING

Har du sett kor flott idrettsbana på Hosteland er i ferd med å bli? I sommar har det vore stor anleggsaktivitet på bana.

I vår vart det gjort vedtak om kommunal løyving til rehabilitering av Nordbygda idrettsanlegg og legging av fri-idrettsdekke på løpebanene. Entreprenør Ansgar Birkeland AS fekk tildelt arbeidet med oppgraderinga. Arilds Port AS fekk tildelt arbeidet med å setja opp gjerde og portar.

Arbeidet har blitt gjennomført i rekordfart. Ved utgangen av september står forhåpentlegvis heile anlegget fiks ferdig med kunstdekke, installasjonar for fri-idrett, møblerte sektorar på kortsidene av bana med padelbane og ymse treningsapparatur. I tillegg er arbeidet med utvida veg ned til bana inkludert parkering og asfaltering, steintribunar og gardsveg til grunneigar på utsida av anlegget blitt utført parallelt med dei idrettslege tiltaka i rehabiliteringsplanen. I utgangspunktet var det ikkje planen å møblera sektorane i denne omgang, men ein såg at det var hensiktsmessig å utføra tiltaket samstundes med legging av nytt banedekke. Masfjord fotballag og Risnes IL gjekk saman med kommunen inn for å få



Det krevst mykje grunnarbeid før toppdekket kan leggjast

realisert dette, så her blir det no etablert padelbane, basketkorger, ymse treningsapparat, klatrestativ, bord og benkar mm. Dette er tiltak det vert søkt nærmiljømidlar til.

Resultatet er blitt svært bra!

Og snart er det opningsfest. Dato for festen er ikkje fastsett, men vil bli annonsert så snart bana står klar. Følg med i sosiale media og på plakatar rundt om i kommunen.

Tekst og foto: Masfjorden kommune

20 ÅRS JUBILEUM PÅ EINEKAVANE

-EIT ARBEID MED KONKRET RESULTAT

Det var dekka til fest på Einekavane ein fredag i starten av september, viktige gjester som tidlegare tilsette, arbeidstakarar og bidragsytarar var inviterte for å feira vekstbedrifta på Matre.

20 års markering av ei bedrift som har betydd mykje for mange. I dag er det 12 tilsette, der 8 av desse er varig tilrettelagte arbeidsplassar. Dei tilbyr forskjellige tenester i samfunnet, som brøyting, reinhald og vedproduksjon, samt vaskeritenester.

Dette er ei bedrift som har betydd mykje for mange. Ein av dei er Sveinung Hope, ein utflytta masfjording som midt i livet fekk behov for ekstra hjelp og motivasjon. Han budde i ein anna del av landet, men fekk tips om tilbodet i heimbygda og tok kontakt. Overgangen frå lediggang timesvis herifrå, til 20% stilling på Einekavane var saumlaus. Systemet virka på best mogeleg måte, og Sveinung fekk arbeid han kunne meistre i ein vanskeleg periode.

- Når livet var som mørkast kom det folk i møte frå

alle stader, med gode hensikter og hjelpende råd, fortel Sveinung.

- Einekavane viste seg å vera min veg attende til arbeidslivet. Her fekk eg eit arbeid med konkret resultat, og etter ei tid som sjåfør her kunne eg klare tanken på å skulle jobba som fysioterapeut att. Sveinung arbeider no i 80% fast stilling som fysioterapeut i Masfjorden kommune. Dei resterande 20% har han arbeid i bedrifta som fekk han tilbake på riktig spor att.

Slik har Einekavane vore for fleire. Det å arbeide med nevane, sjå konkrete resultat av ein dags arbeid og at nokon ventar deg på morgonen, det kan ha alt å seie. Anten det er for ein periode i livet, eller om ein er så heldig å få møta opp på Matre kvar dag.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Gøril Sætre



HELSING FRÅ BIBLIOTEKET

Dei fleste av oss har nok opplevd at denne sommaren ikkje var noko særleg å skryta av værmessig. Heldigvis er det noko som hjelper å få tida til å gå – og det er å lesa bøker!

Sommarles

Også i år har me delteke i den nasjonale lesekampanjen Sommarles der alle barn i 1.-7. klasse kan delta. Elevane i Masfjorden har enda ein gong gjort ein fantastisk innsats i år. 119 elevar frå Masfjorden har til saman lesa 1904 bøker – og i gjennomsnitt har kvar elev lese 1805 sider. I tider der meir og meir av fritida går på skjermbruk er dette ganske så imponerande! Dette skal også i år feirast med sommarlesfest no i september.

UNESCO biosfæreområde

Som Masfjordingen skreiv om tidlegare er Nordhordland valt ut som UNESCO biosfæreområde, fordi regionen kan stå som læringsområde for ein framtidssrett og berekraftig utvikling. Dette kan me vera stolte av! Biblioteka i Nordhordland jobbar då saman for å retta fokus på biblioteket si viktige rolle som møteplass og formidlar innan berekraft, FN sine berekraftsmål og Nordhordland som UNESCO biosfæreområde i prosjektet «Berekraft, biosfære og bibliotek». Prosjektet er godt i gang, og i haust får me då husa vandreutstillinga «Sirkulære Nordhordland» som formidlar om dette viktige temaet. Utstillinga held no til på biblioteket i Knarvik og skal ha sin neste etappe på biblioteket på Hosteland og Nordbygda skula i oktober. Utstillinga er open for besøk av skulegrupper frå heile Masfjorden med arrangement gjennomført av Den kulturelle skulesekken. Men det er ikkje berre skulegrupper som dette er lagt opp for – alle er velkomne, det er berre å ta ein tur innom i opningstida!

Frøbibliotek

Eit steg vidare i å finna ut kva me som enkeltmenneske kan gjera for å styrka berekraft i kvardagen med enkle grep er eit tiltak som folkebiblioteket og Nordbygda skula har slått seg saman om. Det blir frøbibliotek i Masfjorden! Dette er inspirert av forfattarforedrag i fjor haust, der greenfluencer Dennis

Asbjørnsen fortalte om eigne erfaringar med å dyrka økomat og gav gode tips og råd for å dyrka enkelt, billig og berekraftig. Så korleis fungerer dette? Ikkje vanskeleg i det heile! Har du ein blome, urt, krydder, grønsak ol. som du kan ta frø av, ta litt av det og levér til biblioteket. Der blir frøa samla, registrert, pakka og merka. Skulen bidreg med frø frå sin eigen kjøkkenhage, men me treng hjelp frå heile lokalsamfunnet for å utvikla dette. Kvart frø tel, så om du uansett er på veg er det berre å stikka innom i opningstida. Så kan du sjekka kva slags frø som er der allereie og kan ta nokre med deg heim. Gratis. Utan å køyra kjempelange vegar, forhåpentlegvis. Med hyggjeleg prat, moglegheit for etterforsking i relevant litteratur og utveksling av erfaringar og kanskje til og med morosame historier og anekdotar. Har du ikkje nokre frø endå, men vil starta opp med dyrking? Ikkje noko problem, då kan du levera neste sesong viss du har noko. Målet er at me saman på denne måten aukar det biologiske mangfaldet rundt oss og blir litt meir sjølvforsynte. Kva vekstar trivst med kvarandre, kva kan dei brukast til? Kva vekstar er særleg pollinator-vennlege, kva vekstar hjelper mot skadedyr? Her er det mykje å oppdaga! Prosjektet er framleis i den spede byrjinga, men det kan bli veldig fint, og tanken er å eventuelt leggja til rette for det på dei andre biblioteka i kommunen også etter kvart. Oppdateringar kjem, men éin ting kan seiast: Ikkje berre er det nyttig og gøy, det kan til og med bli veldig vakkert!

Klesbytedag

Men det er så mykje meir me kan gjera i fellesskap. Kva kan me gjera mot overforbruk og kastementaliteten, korleis kan også me i den vesle kommunen vår jobba mot dette saman? Her har den kommunale frivilligsentralen teke eit flott og viktig initiativ – det blir klesbytedag på Nordbygda til hausten! Me veit at den globale klesproduksjonen er ei av dei største kjeldene for klimagassutslepp. I samarbeid med biblioteket vil Frivilligsentralen derfor auka forståinga for og glede av gjenbruk og kombinera det med hyggjeleg samankomst. Klede, særleg for den kaldare årstida, som er ubrukt eller lite brukt kan leverast på biblioteka i Nordbygda og Matre i opningstidene, men også anna

utstyr. Så blir sjølve halde klesbytedagen på Frivilligentralen i Nordbygda laurdag den 9. november. Biblioteket står med eventyrlesestund – detaljar kjem!

Bok-, strikke- og språkkafé

Biblioteket vil generelt vera ein arena for kunnskapsutveksling, gode møte og felles trivsel. Difor er det også i haust lagt opp for strikke- og bokkafé på Nordbygda og Sandnes skular. Den trufaste vikaren vår og tidlegare biblioteksjef Kjellaug B. Strand og Liv Dyregrov frå helselaget har til og med laga ein ny vri på det heile og tilrettelagt for strikkecafé til eineståande Dagsturhytta, med behageleg gåtur til hytta, kaffi, noko å bita i – og dette skal gjentakast! Det blir også språkkafé og forfattarforedrag, for å nemna noko. Her kjem me også tilbake med meir detaljert informasjon etter kvart. Me oppmodar difor å følgja med på Masfjorden folkebibliotek si facebookside, Masfjorden kommune si nettsida og i Masfjordingen.

Me sjåast!

Helsing frå biblioteket
Annett Schattauer, vikar



GOD OPPSLUTNAD OM BÅTFØRARKURS

I vår kom Ungdomsrådet med ønske om å kunne ta båtførarprøven i Masfjorden.

Dei søkte Kraftfondet om midlar og fekk innvilga kr 50 000 til tiltaket. Positiv Trafikkskule fekk oppdraget med å gjennomføra kurset og til saman 37 ungdommar gjennomførte opplæring på Matre og Sandnes.

Kurset vart avslutta med at deltagarane fekk ta båtførarprøven.

Eit godt førebyggjande tiltak med god oppslutning!

Tekst: Rita Ludvigsen

Foto: Tone Hatlem





På Matre var det både bading og grilling og litt samlande aktivitetar på idrettsbana



Det var ein veldig varm dag på Hosteland, så dei fleste søkte skuggen mellom aktivitetane

AKTIVITETSVEKE FOR MELLOMTRINNA

For ein flott gjeng me hadde med oss på aktivitetsveka i Masfjorden!

26 supre mellomtrinnselever var med og gjorde dette til ei minnerik veke for både barn og vaksne.

Tysdag var vi på Matre, onsdag på Sandnes og så torsdag og fredag på Hosteland.

Flyktningtenesta og Frivilligentralen var med som vaksne, i lag med ungdomar og andre som var aktivitetsleiarar.

Tusen takk til alle som bidrog til ei superkjekk veke!

Aktivitetsveka var i regi av Masfjorden kommune, oppvekst.

Tekst: Masfjorden kommune



Bading på Sandnes i skikkeleg sommarsol



Eldredagen i Masfjorden

*Fest for alle pensjonistar
i Solheim gren dahus
tysdag 1.oktober 2024 kl. 13.00*
(Ferje frå Masfjordnes kl. 11.40)

Variert program og tid til å snakkast

Festtale ved Marianne Hole

Song og musikk

Innslag ved kulturskuleelevar

Utdeling av Eldreprisen

Allsong

Middag m/dessert,

kaffi og kaker

Kr. 400,- pr. pers.



Velkommen!



Påmelding innan 24. september til:

Ivar Haukeland: Tlf. 481 15 031

Arr. Masfjorden eldreråd

KONTAKTINFORMASJON

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@
masfjorden.kommune.no

torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no
eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no
Formgjeving: Mary Hope



MASFJORDEN KOMMUNE



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES
www.masfjorden.kommune.no

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen:
20. november

Notér datoен i årshjulet for organisasjon din. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant, slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
epost kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærar:
Else Iren Westervik
Tlf: 56 16 62 62 / 952 26 595
Epost: else.iren.westervik@kyrkjaimasfjorden.no

Konfirmantarbeidar:
Alf Holmaas Helland
Tlf. 920 20 148
Epost: alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no

Organist:
Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
e-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716
www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513